



Kultur- og kyrkjedepartementet
postmottak@kkd.dep.no

Høyringsfråsegn - allmennkringkastingsplakat for NRK

Styret i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) har drøfta framlegg til Allmennkringkastingsplakat for NRK, slik denne er presentert av statsråd Trond Giske i media, utsendt pressemelding og eige høyringsnotat frå Kulturdepartementet.

Generelt:

LNK er samd med departementet i at dagens vedtekter ikkje er fullgode med tanke på den utviklinga i teknologi og marknadstilhøve som også NRK no møter til dagleg.

LNK er glad for understrekinga av at NRK skal ha eit godt utbygd lokaltilbod og vera til stades i distrikta.

LNK er viss på at NRK vil nytte kapital og kompetanse vidare til offensive regionale satsingar med best mogleg geografisk og kulturell representativitet i norske lokalsamfunn.

I eit internasjonalt perspektiv har NRK uvanleg høg oppslutning som allmennkringkastar. Dette er ikkje minst av di institusjonen har satsa journalistisk og står sterkt i distrikta og ute i lokalsamfunna. LNK reknar med at den komande regionreforma ikkje vil gje negative utslag for NRK sin posisjon i distrikta.

Til einskilde punkt i høyringsnotatet:

Pkt. 2. Behov for en allmennkringkastingsplakat for NRK

LNK er samd i at den tradisjonelle programverksemda (kjernetilbodet) og nye tenester på nye distribusjonskanalar (til dømes Internett) må sjåast i samanheng. Dei same allmenne reglane når det gjeld informasjon, å vera upartisk, å ta det språklege mangfaldet på alvor, osv. må difor gjelde både gamle og nye formidlingsplattformer.

Særleg vil LNK nemne nrk.no, som er i vekst både mellom yngre og eldre brukarar, og der det er viktig at nynorsken blir synleggjort. Prinsippet om minimum 25% nynorsk må difor gjelde for alle formidlingsplattformene i NRK.

Pkt. 3. Allmennkringkastingsplakat for NRK

LNK gjer framlegg om at første og tredje bolken byter plass, slik at bolken med dei sju kulepunkta om "språk, identitet og kultur" kjem først. LNK meiner at dette er det mest naturlege, då det her er tale om ein kringkastingsinstitusjon som først og fremst skal skape og formidle program ut til folket. Så lenge hovudføremålet med NRK er å lage program og formidle den norske kulturarven, bør denne bolken stå fremst.

I bolken om "å understøtte og styrke demokratiet" meiner LNK at kulepunkt nr. 2 kan gjerast betre ved å bytte ut det bleike sjargonguttrykket "den offentlige samtalen" med det meir aktive uttrykket "offentlig debatt."

Når det gjeld språkbruk, vil LNK særleg kommentere kulepunkt nr. 4, som lyder: "NRKs tilbud skal i hovudsak bestå av norskspråklig innhold. Begge de offisielle målformene skal benyttes. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk." LNK sluttar seg til denne målsetjinga, og reknar med at NRK viser seg tilliten verdig med å drive aktivt rekrutterings- og opplæringsarbeid for å nå desse måla i dei ulike kanalane og på dei nye formidlingsplattformene. I denne samanhengen vil LNK vise til dei positive og løfterike første driftsåra ved Nynorsk Mediesenter i Førde. Vi vil tilrå gode oppfølgingsvilkår for denne viktige institusjonen.

NRK har ein særleg viktig kulturpolitisk funksjon med å nytte normert nynorsk talemål i programma. I eit land med to offisielle målformer er dette ikkje mindre enn ei nasjonal kulturoppgåve. LNK ser dialektane som ein rikdom for mangfaldet og for å knyte NRK fastare til lyttarane og sjåarane landet rundt. Men i ei tid med stor mobilitet i samfunnet er det ofte vanskeleg å få fram gjennomført og "korrekt" dialekttale i media. Derimot har normert nynorsk tale den klare fordelten at han er "nøytral" og landsdekkjande.

For meldingsteneste og manuskriptbaserte program bør det framhevast at normert nynorsk er mest tenleg, men at ein står friare med dialektbruk i andre program. Den lokale språktonen (setningsmelodi og lydverk) kan likevel godt fortelja kvar den einskilde medarbeidaren kjem frå. NRK har mange medarbeidarar som nyttar god og følgjerett nynorsk, men som i ordklang og tonefall tydeleg kjem frå Telemark, Troms, Sogn, Møre, fjellbygdene på Austlandet, osv.

Denne fleksibiliteten i nynorsk er ein interessant føremon. For NRK er dette eit godt mediespråk og samstundes eit middel til å knyte publikum i mange landsdelar og distrikt nærare til seg. Språket er eit konkurransemiddel for NRK der allmennkringkastaren kan skape vedvarande lojalitet og høg lyttarprosent til institusjonen. NRK skil seg også positivt ut frå konkurrentane ved å leggje meir vekt på normert nynorsk .

LNK meiner det er logisk at synsmåtane på tilhøvet mellom nynorsk- og dialektbruk også bør gjelde i distriktssendingane.

I bolken om å "etterstrebe høy kvalitet, mangfold og nyskaping" verkar det første kulepunktet såpass tvilsamt at det bør gå ut. Ei verksemd som er lisensfinansiert og som vil framheve den ikkje-kommersielle profilen sin, kan ikkje gjera det til ei hovudsak at "NRK skal også kunne formidle samme type tilbud som også tilbys av kommersielle aktører," sjølv om ein rett nok skal "tilføye sitt tilbud et *element av økt samfunnsverdi* i forhold til det kommersielle tilbudet." (!) Dette med "økt samfunnsverdi" blir så svevande og subjektivt at det kan innby til harsellas og jamvel bli kjelde til uendelege diskusjonar i Kringkastingsrådet, media og Stortinget.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar vil ønskje lukke til med det vidare arbeidet i denne viktige saka.

Med helsing

Jan Magne Dahle (s)
styreleiar LNK

Vidar Høviskeland (s)
dagleg leiar LNK

